



LINDÅS KOMMUNE
Felles postmottak Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

Dato: 12.06.2017

Vår ref.: 2014/673-343

Saksbehandlar: eliwarr

Dykkar ref.:

Att. Eileen Marie Feste

Tilskot til arbeid med kommunal kulturminneplan for Lindås kommune – Presisering av Riksantikvaren sin endra praksis

Vi viser til søknaden dykker om tilskot til arbeid med kulturminneplan i Masfjorden kommune av 10.02.2017. Søknaden vert sendt vidare til Riksantikvaren 16.02.2017. I e-post av 05.04.2017 varsla Riskantikvaren å gje tilskot til Lindås kommune på kr. 100000,- Vi viser vidare til kopi av brev frå Riksantikvaren til Lindås kommune motteke 23.05.2017 med vedtak om tilskot frå statsbudsjett 2017 kap. 1429 post 60 til arbeid med kulturminneplan i Lindås. Vi ber Dykk rapportere direkte til Riksantikvaren med kopi til oss.

Riksantikvaren har tidlegare tildelt midlar gjennom fylkeskommunen, men har endre praksis i år slik at midlar går direkte frå dei til kommunane. Dette var vi ikkje klar over når saka var opp til politisk handsaming.

Hordaland fylkeskommune, utval for kultur, idrett og regional utvikling handsama saka på møte den 16.05.2017, sak 75/2017. Dei vedtok å tildele dykk **kr 100 000,-** i tilskot til arbeid med kulturminneplan. Vi vil presisere at dette gjeld midlar frå statsbudsjett gjennom Riksantikvaren.

Hordaland fylkeskommune kan tilby råd og rettleiing gjennom dei ulike fasane av prosessen og ber Dykk ta kontakt. Vi vil halde Dykk orientert om aktuelle kurs og samlingar om kulturminnearbeid i kommunane i Hordaland. Hordaland fylkeskommune ser fram til eit godt samarbeid om kulturminneplan i Lindås.

David J. Aasen Sandved
kst. fylkeskonserator

Elizabeth Warren
Seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.